Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 80

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Åsane

Emne: Folkemedisin

Bygdelag.

Oppskr. av: Edv. Haukedal

Gard:

(adresse): Tertnes

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja.

2. Eg veit dei hadde tru på bruk av tobak, (serleg skråtobak til tygging) det trudde dei hjelpte mot smitte.

3. Eg har høyrt dei hadde brennevin- perikumbrennevin - fyå sume, men eg har ikkje sett eller prøvt alt.
E: kone eg kjende högrde heime i byen, (Bergen) men budde på landet om sumaren. Ho passa på kvart år og plukka kjerring-rok like för Jonsok. Ho batt små kvastar og luftförka dei. Sidan tok av kjerringrokken og laga te når ho meinte å ha bruk for det. Teen hadde ho tru på hjelpte ~~hjelpte~~ mot forkjöling, influensa, gikt og andre sjukdomar.
I fabrikkstaden Salhus i Åsane har dei i omlag 50 år hatt ein medisin mot

15962

brunnsår. Magnus Nygård, Salhus, som er vel 60 år har fortalt om dette og gjeve meg denne oppskrifta: Ein tek leska kalk og heller kokt, kaldt vatn over og let det stå til alt har roa seg og klårna. Ein tek så av den klåre vaska og blandar med matolje (det har også vore bruka rapsolje som folk fekk hos bakaren) 2 delar kalkvatn og 1 del matolje og rister det godt saman. Ein rein duk skulle bynkast rikeleg og vart så lagt på brunnskaden. Utanpå brukast ajelerreff og bandasje. Dei skal sidan skifta som ved vanlege sår. Magnus Nygård seger han har brukt det og mange aller der på staden, og han seger det har hjelpt godt. —
Ein „reisande" (omstreifar) skulle vera den første som lærde folk å laga denne medisinen.

4. Nei. — Når det var spursmål om noko lækjeråd var det „kloke" koner helst som hadde noko eller gav råd og dei var liksá snart frå ein plass som frå ein brog gard. — Heime hadde dei (1880–1910) tru på matolje og kamfer mot forkjølingssjukdomar. Dei hadde matolje på varme dukar og la på bringe eller rygg. Mott skadar, hudsår

15962

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og rifter var det Karbal-vatn det fyrste eg minnest og seinare borvatn. Men far hadde den råda når han fekk hudskadar at han let vatnet sitt på det. Då tyktest han vera sikker at det ikkje tok seg noko vandt til og at det lækkest snart.

Ein bror av meg vart sjukleg og hengliten etter meslingane i 7 årsaldren. Han svall seinare i kjertlane på halsen. Mor hadde fått den råda at han skulle ha ein liten pose med knuste kamfer på ryggen i snor rundt halsen.

5. Ja, dei fekk låna hos dei som gjerne hadde medisinar. Hos prest eller jordmor veit eg ikkje av dei fekk medisin hos.

6. Kvae veit eg ikkje av dei bruka noko. Tjøre derimot hadde dei i huset. Ho var halden for å vera god for hida, og dei smurde gjerne på sprikker på hendene i vår-hosa. Elles bruka dei mest tjøra når feet fekk sår. — Lyse (tran) rekna dei heime som medisin serleg dersom ein hadde fått flis under nagl eller noko slikt då la dei lysefille på. Ho trekkjer det ut, sa dei. Lyse laga dei av fiskebeer som dei let stå i eit kjerald.

15962

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7. Ukjend.

8. Eg har høyrt det nemnt, men veit ikkje kva det var.

9. Når noko skulle takast inn var det helst kona sitt arbeid.

10. Noko samling av medisin i husapotek veit eg ikkje av. Dei hadde helst kvar ting på ein viss plass som dei fann høveleg.

11. Ja, etter dei tok til med dropemedisinar som naffta, hofmannsdropar, o.l. kjøpte dei på apotek. Dei lærde då etikettnamna.

12. Det var svært lite såvidt eg veit. Einast kunne vera giktsmurningar.

13. Skrivne oppskrifter var lite brukt. Det gjekk helst munnleg, men det kunne og henda med ei skriftleg oppskrift (sjå sp. 3).

14. Lækjebøker og prenta skrifter var det nok lite og ikkje her.

15. Ei kona som var gift til ein gard kring 1870 sa alltid at i Trasbekken heime der ho kom frå kunne ein gå å verta god att av skadar som strekk, nit, vriding og slikt.

16.–53. Til desse spørsmåla har ikkje noko nytt å melda. Ikkje nokon sérleg doktorkunnig veit eg kvarifrå bygda.

15962

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne 80. blad 3.

Heller ikkje særlege lækjeråder eller karar veit eg av. Eg veit der var menn som kunne årelata og koppa – sp. 42-45 – men eg har ikkje namn på nokon. Den siste (såvidt eg veit var det omgangsskulelærar Jens Teigland (ca. 1860-1890) frå Øsane) hadde med eit lite skrin med meitel (lite hoggjarn) og kopp til å ta blodet i. Far min hadde lungebrand (lungebetendelse) fleire gonger. Første gongen var årelataren og årelet. Seinare gonger hadde dei dokter frå byen.

Om igler har eg høyrt det var kvinner helst som dreiv med dei. Såvidt eg skjønar fann dei sjølve desse iglene, men dei kunne visst og få kjøpa på apotek.

Lækjebøker og skrifter har eg ikkje høyrt om her.

15962

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING